



Klar for ny sesong med ein enda meir fristande meny!

Dei siste dagane har Pornthip Pomngern stått på med å gjera vogna klar og fredag startar ho ein ny sesong med sal av thaimat ved Gamleskulen. Ho kjem frå smilets land og framfor sesongopninga finn ho grunn til å smile ekstra. Etableringen i Uskedalen ifjor var ein knallsuksess og ho har grunn til å tru på ein like god sesong i 2014.

Ifjor hadde ho oppe frå 22.mars til fyrst i oktober og Pornthip oppsummerar slik:

- Eg er veldig godt fornøyd. Det var mange kundar med topptafikk i påsken og sommaren og eg fekk berre gode tilbakemeldingar. Eg registrerte faktisk ikkje ein einaste klage. Kundene kom frå heile Kvinnherad frå Utåker til Rosendal og Matre. Også Halsnøy var representert, fortel ho som hadde 16 rettar på menyen dette startåret. Framfor sesong nummer 2 har ho auka talet til 21.

No i vinterhalvåret har ho vore heime i Thailand i 7 veker og friska opp både meny og marknadsføring. Pornthip kjem frå byen Nakhonsawan som ligg 2 timer med bil nordover frå Bangkok. Der driv familien i bransjen og har gjeve ho ein solid fagleg ballast.

Sjølv har ho no rundt 20 år bak seg her i landet og bur på Sunde saman med Ivar Nesse som ho ikkje kan få fullrost. Han spelar ein viktig rolle i mat-suksessen og kjem til å stilla opp frå start i morgon.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen